



## Helse- og sosialfag – meistring og myndiggjering



Masterstudiet gir deg kunnskap om korleis du som helse- og sosialarbeidar kan hjelpe brukarar til å meistre oppgåver og ansvar i ulike tilstandar og livsfasar. Gjennom studiet av brukarretta kommunikasjon og informasjonsarbeid, tverrprofesjonelt samarbeid og relasjonsorientert klinisk arbeid, lærer du kva som ligg til grunn for læring, meistring og myndiggjering (empowerment). Studiet vil også gi deg kompetanse i å leie og utvikle helse- og sosialtenester.

### Studieinnhald

Studiet har som mål å gi deg kunnskapar, ferdigheiter, haldningar og etisk medvit, til å fremje læring, meistring og myndiggjering i eige arbeid med pasientar og klientar. Du skal i tillegg få kompetanse i å undervise, rettleie og initiere FOU-prosjekt med vekt på slike målsetjingar. Masterstudiet rettar seg mot både helse- og sosialsektoren. Dette legg grunnlaget for eit viktig tverrfagleg studiemiljø.

### Internasjonalisering

Som student ved master i Helse- og sosialfag – meistring og myndiggjering kan du etter søknad få godkjent relevante emne gjennomført ved universitet eller høgskular i utlandet.

### Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga er samlingsbasert for både deltids- og fulltidsstudentar, og gjer det mogleg å kombinere utdanning med arbeid på heiltid eller deltid. Mellom samlingane vil samarbeidet mellom lærar og student foregå nettbasert med hjelp av e-læringsverktøy (Canvas). Emna vil bli arrangert slik at fulltidsstudentar til vanleg kan følgje to emne på 15 studiepoeng i kvart semester. På dei obligatoriske emna Meistring og myndiggjering – samhandlingsperspektivet, Meistring og myndiggjering – strukturperspektivet og Forskingsmetode og vitskapsteori, vil det vere krav om obligatorisk deltaking på fyrste samling. I tillegg kan studenten velje relevante valfrie emne. Studiet vert avslutta med skriving av masteroppgåve. Les om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

### Aktuelle yrke og vidare studium

Masterprogrammet legg vekt på å gi studentane eit godt grunnlag for klinisk

**Studiepoeng / lengd:** 120 / 8 semester (4 år)

**Opptakskrav:** Bachelorgrad i helsefag, sosialfag eller pedagogiske fag. Cand.mag.-grad med relevant fagsamansetjing. Annan relevant grad eller utdanningsløp av minimum tre års omfang. For dei to siste punkta er det krav om at studiet har 80 relevante studiepoeng, derav 20 studiepoeng på fordjupingsnivå.

**Søknadsfrist:** i

Lokalt opptak

**Studiestart:** Haust

**Kontaktperson:** For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18  
studentsorvis@hivolda.no